

Prognose for sysselsetting i Hordaland

– etter arbeidsstad – 2011-2035

Februar 2012

AUD- rapport nr. 2-12



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Utgivar:	Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD) http://www.hordaland.no/aud
Tittel:	”Prognose for sysselsetting i Hordaland – etter arbeidsstad – 2011-2035”
Publikasjonsserie/nr:	AUD-rapport nr: 2-12 http://www.hordaland.no/aud-rapportar
Dato:	1. februar 2012
Forfattar:	Stian Skår Ludvigsen, PhD
Tlf:	55 23 92 79
E-post:	stian.ludvigsen@hfk.no

Samandrag

Sysselsettingsprognose i det økonomiske klimaet vi i dag har internasjonalt, krev stor varsemnd. Samstundes er det i diverse planarbeid trong for kvalifiserte gjettingar om framtida.

Denne rapporten viser resultatata frå 401 eigenproduserte prognosekjøringar for sysselsetting i i alt 57 næringar i åtte hordalandsregionar.

I 2035 ventar vi oss 74 000 fleire sysselsette i Hordaland samanlikna mot sysselsettinga i 2008. 48 000 av desse vil kome i Bergen, 11 000 i Vest, 6 000 i Sunnhordland, 4 600 i Nordhordland, 3 200 i Bjørnefjorden, 770 på Voss, og berre 355 i Osterfjorden. 236 arbeidsplassar vil gå tapt i Hardanger.

18 400 av desse arbeidsplassane vil kome innan helse- og sosialtenester, 7 800 innan varehandel, 7 000 innan undervisning, 6 600 innan anna forretningsmessig tenesteyting, og 6 400 innan bygg og anlegg.

Helse og sosial vil stå for den største veksten i alle regionane, med unntak av Bjørnefjorden og Hardanger. Her vil høvesvis bygg og anlegg og anna forretningsmessig tenesteyting få størst vekst. Det varierer litt mellom regionane kva næring som får nest størst vekst, men det er ei av dei «fem store» i alle.

Berre nokre få næringar vil få nedgang i sysselsettinga. Størst innan jordbruk, der vi ventar oss at 260 arbeidsplassar vil gå tapt.

Prognosane er *næringsavstemte*, som betyr at vi tar høgde for sysselsettingsutviklinga i alle næringane når vi bereknar framtidig sysselsetting. Dette resulterer i at vi vil få *færre* sysselsette innan helse og sosial per innbyggjar enn i dag. Om folketalsutviklinga følgjer SSB sin middelpgnose, vil det i 2035 bli eit underskot på 8 500 helse- og sosialarbeidarar, målt mot dagens tenestetilbod, dersom dei andre næringane skal få «sin» del av sysselsettingsutviklinga.

Innhald

Innleiing	5
Nærings- og regionavstemte prognosar, alle næringar	6
Føresetnader	6
Moglege kjelder til feil og usikkerheit i føresetnadene.....	6
Syssesttingsdata	7
Tabell 1: Registrerte syssesttete med arbeidsplass i Hordaland, etter næring, 2000-2008.....	7
Moglege kjelder til feil og usikkerheit i syssesttingsdataa	8
Data i føresetnadene.....	9
Resultat.....	11
Tabell 2: Sunnhordland	13
Tabell 3: Hardanger	14
Tabell 4: Voss.....	15
Tabell 5: Bjørnefjorden.....	16
Tabell 6: Bergen.....	17
Tabell 7: Vest	18
Tabell 8: Osterfjorden	19
Tabell 9: Nordhordland	21
Tabell 10: Hordaland	22
Alternativ framskrivning for undervisning og helse- og sosialtenester.....	23
Føresetnader	23
Moglege kjelder til feil og usikkerheit i føresetnadene.....	23
Resultat og samanlikning mot næringsavstemte prognosar.....	24
Tabell 11: Alternativ for Sunnhordland	24
Tabell 12: Alternativ for Hardanger.....	25
Tabell 13: Alternativ for Voss	25
Tabell 14: Alternativ for Bjørnefjorden	27
Tabell 15: Alternativ for Bergen	27
Tabell 16: Alternativ for Vest.....	28
Tabell 17: Alternativ for Osterfjorden	28
Tabell 18: Alternativ for Nordhordland.....	30
Tabell 19: Alternativ for Hordaland.....	30
Diskusjon	31

Innleiing

Hordaland fylkeskommune er i gang med fleire prosjekt der det vil vere nyttig å ha nokre kvalifiserte gjettingar av kva næringsstruktur vi vil ha i framtida. Det vil mellom anna vere nyttig med slik kunnskap til *skulebruksplanen*, *regionalt utviklingsprogram* og *regional planstrategi*. Eksterne partar har òg vore i kontakt med Analyse, utgreiing og dokumentasjon i Regionalavdelinga med spørsmål om det er mogleg å få sysselsettingsprognosar for Hordaland.

Tidspunktet for å lage sysselsettingsprognosar er godt med tanke på etterspørselen, men ikkje med tanke på den usikkerheita som for augneblinken pregar Europa, og ikkje med tanke på kva historiske tidsseriar som er tilgjengelege for ei framskriving.

Det siste skuldast at SSB endra næringsinndelinga i 2008, og vi har ikkje lang nok tidsserie etter endringa til å bruke dei siste åra i ei trendbasert framskriving. Vi må derfor nytte data som sluttar i 2008 som grunnlag for trendframskrivinga.

Desse to faktorane gjer at ein må vere yttarst varsam med å stole på prognosane, men samstundes vil prognosane vere den beste gjettinga vi har om framtida, og trendbaserte framskrivingar er betre kvalifiserte gjettingar enn å berre føresette at den næringsstruktur vi har i dag vil halde seg framover.

Korleis eurokrisa vil slå ut for sysselsettinga i Hordaland er umogleg å spå. Det mest sannsynlege er redusert etterspørsel etter eksportvarer, men ei europeisk krise kan bety auka tilgang på arbeidskraft. Det kan føre til redusert sysselsetting, auka sysselsetting, eller eit skifte frå eksportretta sysselsetting til domisilt retta sysselsetting. Det siste vil endre dei underliggjande trendane, men det er ikkje mogleg for oss å seie korleis. Om vi *berre* får ei endring i nivå, er det likevel ikkje sikkert vi får endring i underliggjande trend, så vi kjører prognosane som om det ikkje vil bli noko større skifte i tilbod og etterspørsel. Den *førre* finanskrisa er inkludert i grunnlagsdataa, men fordi vi ikkje inkluderer data etter 2008 i grunnlagsdataa, vil den *førre* finanskrisa ikkje bli korrigerert av perioden som har vore etter. Om vi da ser den *førre* finanskrisa som representativ for den situasjonen vi har i dag, kan vi få ein prognose som er meir korrekt på mellomlang sikt enn på kort sikt.

I denne rapporten vil vi først presentere det vi kallar *nærings- og regionavstemte prognosar* for alle næringane i kvar region i Hordaland. Desse prognosane er forsiktige trendframskrivingar som føreset at utviklinga i næringane sine sysselsettingsdelar i perioden 2000 til 2008 fortsett framover i tid. Ved å framskrive sysselsettingsdelar heller enn *tal* sysselsette, veit vi at summen for kvart år *må* vere 100 %. Vi kan dermed avstemme prognosane mot kvarandre, sånn at dei i sum ikkje avvik frå totalsysselsettinga.

Deretter vil vi presentere alternative framskrivingar for undervisning og helse- og sosialtenester. Til forskjell frå dei næringsavstemte prognosane (som er trendframskrivingar), er desse prognosane *nivåframskrivingar*. Vi held dagens nivå av sysselsette i forhold til tal innbyggjarar (utvalde grupper) konstant, og ser kor mange sysselsette vi treng i framtida for å oppretthalde dagens nivå.

Desse framskrivingane kan ikkje bli avstemte mot dei andre næringane, men dei kan samanliknast med dei næringsavstemte prognosane for undervisning og helse- og sosialtenester, og gir oss dermed eit bilete av kva omsyn ein skal leggje i valet mellom å la det offentlege sitt behov for tenesteyting styre sysselsettinga, eller la det private næringslivet sitt behov for produksjonskraft styre sysselsettinga. Korleis ein slik *trade-off* kan bli løyst vil vi diskutere sist i rapporten.

Nærings- og regionavstemte prognosar, alle næringer

Føresetnader

- 1) Vi føreset at
 - A) Sysselsette (med arbeidsplass i regionen) i prosent av busette i alderen 15-74 år, følgjer eit loglineært mønster basert på perioden 2000 til 2010 og fortsett framover i tid.
 - B) SSB treff med sin middelpgnose (MMMM) frå 2011.
 - C) Dei einstilte næringer sine del av sysselsettinga i regionane følgjer eit loglineært mønster basert på perioden 2000 til 2008 og fortsett framover i tid.
- 2) Mønsteret i A og C finn vi via regresjonsanalyse. Tidsrommet er valt fordi det er desse periodane vi har dei mest detaljerte data for, loglineær funksjon av tid er valt for å få eit konservativt estimat som gradvis minskar over tid og unngår å vekse "gjennom taket/golvet", og sysselsettingsdelar (i C) er valt for å lettare kunne avstemme dei einstilte prognosane mot kvarandre (summen av alle prognosane i C skal vere 100 % i kvart år).
- 3) Vi reknar ut $X = A \cdot B / 100$ for kvart år fram til 2035 og får total tal sysselsette per region per år.
- 4) Vi reknar ut $Y = X \cdot C / 100$ for kvar næring for kvart år fram til 2035 og får tal sysselsette i kvar næring per region per år.

Moglege kjelder til feil og usikkerheit i føresetnadene

Desse føresetnadene har ei rekkje avgrensingar: SSB sin middelpgnose i 1B har sine usikkerheiter, og det historiske mønsteret i 1A og 1C treng ikkje gjenta seg, og om det gjer det, er det ikkje sikkert eit loglineært mønster passar alle næringer/regionane.

1B kan vi løyse ved å leggje fram resultatet av ulike folketalsprognosar, og 1A og C kan vi løyse ved å manuelt finne den beste kurvetilpassinga for kvar næring for kvar region. Det er i tillegg mogleg å rekne inn usikkerheit.¹

Alt dette vil komplisere prognosane. Simple føresetnader er enkle å halde auge med: Vi veit fort om føresetnadene i 1) held seg eller blir brotne. Kompliserer vi grunnføresetnadene, vil det også bli fleire lag med føresetnader, og dermed vanskelegare å halde auge med om dei blir brotne eller ikkje.

I tillegg krev ein komplisering vesentleg meir arbeid, spesielt manuell kurvetilpassing for å finne alternativ til loglineær trend vil kreve mykje arbeid (det ligg 401 regresjonar til grunn for prognosane), og vi kan ikkje vere sikre på at resultatet blir vesentleg forbetra av ekstraarbeidet.

Det er særleg viktig å vere obs på føresetnadene, og halde auge med om dei blir oppnådde eller ikkje. Prognosane blir ugyldige om føresetnadene blir brotne, det er derfor vesentleg for planlegginga

som følgjer av prognosane at ein veit om grunnlaget for prognosane er til stades.

¹ Vi gjer til vanleg dette i andre regresjonsbaserte framskrivingar (sjå t.d. AUD-rapport 4.1 til 4.7-11), men tre tal i staden for eitt for kvar region for kvar næring vil bli mangedobla når vi begynner å rekne ut sysselsetting i einstilte næringer. Vi har derfor valt å ikkje gjere dette.

Sysselsettingsdata

Tabell 1: Registrerte sysselsette med arbeidsplass i Hordaland, etter næring, 2000-2008

	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
01 Jordbruk, jakt og viltstell	4 069	3 781	3 705	3 637	3 373	3 251	3 265	3 280	3 348
02 Skogbruk	74	61	71	78	79	90	101	101	114
05 Fiske og fangst	1 935	1 861	1 946	1 905	1 791	1 776	1 809	1 824	1 800
11 Utvinning av råolje og naturgass	3 383	3 421	3 442	3 178	3 088	3 272	3 442	3 210	3 784
13 Brytning av metallhaldig malm	0	1	2	2	2	1	2	1	1
14 Bergverksdrift elles	182	183	160	160	149	148	154	159	145
15 Næringsmiddel- og drikkevareindustri	5 482	5 324	5 276	5 246	5 056	4 645	4 546	4 580	4 589
16 Tobakksindustri	23	25	21	22	12	9	8	10	10
17 Tekstilindustri	898	899	814	715	669	636	695	653	570
18 Klesvareindustri	268	249	237	241	234	218	225	242	238
19 Lær- og lærvareindustri	135	139	109	108	120	80	83	80	75
20 Trelast- og trevareindustri	828	840	787	807	824	832	885	940	853
21 Treforedling	101	102	101	90	85	73	50	42	45
23 Oljeraffinering	721	734	745	758	765	772	855	898	999
24 Kjemisk industri	537	658	409	405	199	188	178	186	167
25 Gummivare- og plastindustri	349	342	280	292	277	283	318	345	319
26 Mineralproduktindustri	620	548	641	632	664	667	702	737	810
27 Metallindustri	2 044	1 949	1 911	1 925	1 873	1 803	1 876	1 868	1 682
28 Metallvareindustri	1 850	1 915	1 821	1 738	1 745	1 689	1 812	1 931	1 971
29 Maskinvareindustri	3 400	3 568	3 369	3 474	3 377	3 558	3 945	4 205	3 718
30 Data- og kontorutrustningsindustri	9	12	9	12	2	2	3	4	3
31 Elektronisk industri	570	556	565	510	540	548	741	774	810
32 Radio- og fjernsynsindustri	505	755	686	699	684	579	520	378	337
33 Instrumentverktøindustri	641	649	798	715	815	846	884	973	1 093
34 Motorkjøretøyindustri	134	121	116	130	139	146	148	172	171
35 Annan transportmiddelindustri	6 488	6 561	6 492	5 985	6 324	6 659	7 810	8 365	8 727
36 Møbelindustri og annen industri	889	866	789	722	691	678	712	670	683
22 Forlag og grafisk industri	2 693	2 511	2 363	2 319	2 150	2 122	2 051	2 051	2 008
37 Gjenvinning	118	236	111	106	141	92	90	87	97
40 Kraftforsyning	1 640	1 596	1 714	1 699	1 698	1 672	1 683	1 721	1 832
41 Vassforsyning	21	36	177	201	190	194	208	238	272
45 Bygge- og anleggsverksemd	14 686	14 765	14 736	14 585	14 871	15 928	17 086	18 371	18 782
90 Kloakk- og renovasjonsverksemd	567	481	611	594	608	688	730	790	788
50 Motorkjøretøytenester	4 107	4 206	4 214	4 279	4 513	4 632	4 576	4 594	4 596
51 Agentur- og engroshandel	7 751	7 731	7 382	7 236	7 274	7 106	7 358	7 836	7 931
52 Detaljhandel og reparasjon av varer	16 362	16 676	17 001	17 210	17 966	18 498	18 954	20 198	20 536
55 Hotell- og restaurantverksemd	7 598	7 601	7 562	7 424	7 376	7 220	7 467	8 023	8 054
60 Landtransport og røytransport	5 557	5 720	5 739	5 635	5 625	5 620	5 699	5 859	5 866
61 Sjøtransport	4 050	4 303	4 102	4 208	4 163	4 370	4 318	4 521	4 304
62 Lufttransport	605	581	478	447	513	507	307	267	263
63 Tenester knytt til transport	2 906	2 364	2 641	2 381	2 420	2 474	2 794	2 968	3 142
64 Post og telekommunikasjonar	2 903	2 850	2 992	2 917	2 739	2 882	2 790	2 890	2 699
65 Finansiell tenesteyting	3 150	3 152	3 097	3 291	2 927	2 856	2 869	2 982	3 097
66 Forsikring og pensjonsfond	1 477	1 577	1 761	1 784	1 797	1 834	1 920	1 904	2 093
67 Hjelpeverksemd til finansiell t.yting	355	357	354	458	473	537	598	682	653
70 Egedomsdrift	1 888	2 229	2 357	2 344	2 533	2 820	3 138	3 667	3 520
71 Utleigeverksemd, mask. og utstyr	445	498	469	435	432	449	445	557	619
72 Datahandsamingsverksemd	2 469	2 675	2 500	2 422	2 578	2 787	3 025	3 060	3 309
74 Anna forretningsm. tenesteyting	12 587	13 558	13 705	13 493	13 943	14 188	16 376	17 906	19 794
75 Off.adm. og forsvar, sosialforsikr.	13 494	12 753	12 722	13 370	13 072	12 391	12 379	12 222	12 490
73 Forsking og utviklingsarbeid	1 215	1 432	1 489	1 684	1 785	1 791	1 826	1 903	1 854
80 Undervisning	18 674	18 356	18 142	19 697	19 713	20 123	20 475	20 493	21 053
85 Helse- og sosialtenester	39 243	40 233	39 661	41 721	42 915	44 382	46 457	48 011	48 922
91 Interesseorganisasjonar	1 628	1 660	1 742	1 657	1 773	1 771	1 759	1 975	1 924
92 Kulturell tenesteyting og sport	2 768	3 022	3 163	3 168	3 355	3 505	3 828	4 085	4 219
93 Anna personleg tenesteyting	1 960	2 067	2 060	2 051	2 179	2 256	2 328	2 418	2 535
95 Lønna husarbeid	78	76	64	92	96	89	45	24	30
99 Internasjonale organisasjonar	0	0	0	0	0	1	0	0	0
Uoppgeve	1 438	1 223	1 257	1 227	1 123	1 052	1 111	947	900
I alt	210 568	212 645	211 668	214 321	216 518	220 286	230 459	239 878	245 244

Kjelde: SSB via statistikk.ivist.no, sjå bit.ly/AUD-2-1-12-Hordaland for data for perioden.

Sysselsettingsdata per næring er henta frå SSB Statistikkbanken via statistikk.ivist.no.

Vi har nytta registerbaserte tal sysselsette (etter arbeidsstad) etter næring, 2000 til 2008, fjerde kvartal kvart år. Sysselsette er definert som personar som utførte inntektsgjevande arbeid på minst ein time i referanseveka det aktuelle året, samt personar som har slikt arbeid, men som var midlertidig fråverande pga. sjukdom, ferie, lønna permisjon e.l. Personar som er inne til førstegangs militær- eller sivilteneste reknast som sysselsette. Personar på sysselsettingstiltak med løn frå arbeidsgjevar klassifiserast også som sysselsette. Frå og med 2005 er aldersgrensa for å bli rekna som sysselsett i statistikken redusert frå 16 til 15 år.

Frå og med 2009 er ny næringsinndeling tatt i bruk (SN2007). Serien er derfor avslutta. Den nye serien har ikkje nok år i seg til å kunne nyttast til regresjonsbasert framskrivning.

Tabell 1 viser næringsinndelinga for næringar med registrerte sysselsette i Hordaland.

Moglege kjelder til feil og usikkerheit i sysselsettingsdataa

Ein mogleg "sjølvpåført" kjelde til feil eller feiltolkning, ligg i at vi her har målt tal sysselsette etter arbeidsstad, ikkje etter bustad. Når vi ser bort frå bustaden til dei sysselsette, måler vi sysselsettingsbehovet og det medfølgjande kompetansebehovet etter arbeidsgivarane sine behov, ikkje etter dei busette sitt behov. Vi ignorerer dermed behova til hordalendingar som arbeidar utanfor fylket. Med dette målet vil vi ikkje fange opp utdanningsbehovet til dei som til dømes veks opp i Sveio og søker seg arbeid i Haugesund, eller til dei som veks opp i Hordaland og søker seg arbeid i Nordsjøen. Vi fangar derimot opp kompetansebehovet til fastlandsarbeidsgivarane, som vil søkje seg arbeidstakarar utanfor Hordaland om dei ikkje får dekt sine behov innan fylket.

Det kan gi nokre systematiske utslag om vi vel det eine eller andre målet på sysselsetting. I 2008 var det 4 132 (1,7 %) fleire sysselsette med bustad i Hordaland, enn med arbeid i fylket. Trekker vi frå dei som arbeidde på kontinentalsokkelen, var det berre 76 fleire som budde i Hordaland enn som arbeidde i fylket. Sjølv om pendling kan jamne ut skilnadene, kan det innan nokre næringar vere store skilnader, og det kan det vere nyttig å ha eit perspektiv på. Mangelen på data om framtidig sysselsetting på sokkelen er òg eit problem.

Strukturelle kjelder til feil og feilkoding er beskrive av SSB:

For personer som er definert som sysselsatte og lønnstakere kun på grunnlag av opplysninger fra lønns- og trekkoppgaveregisteret (omkring 10 prosent av lønnstakerne), er arbeidsforholdet ikke datert. For rundt halvparten av denne massen innhentes informasjon fra andre administrative kilder, som er med på å tidfeste arbeidsforholdet. For de resterende legges informasjon om lønn til grunn for om en person anses som sysselsatt. Det er dermed knyttet en viss usikkerhet om arbeidsforholdet faktisk var aktivt i referanseuken.

Selvstendig næringsdrivende identifiseres ved hjelp av informasjon fra Selvangivelsesregisteret. Grunnet lang produksjonstid ligger opplysninger om næringsvirksomhet fra året før til grunn for utarbeidelse av statistikken. Som følge av denne tidsforskyvningen kan personer dermed feilaktig bli klassifisert som sysselsatte, hvis de avsluttet virksomheten det foregående året.

For personer som er definert som sysselsatte og lønnstakere kun på grunnlag av opplysninger fra lønns- og trekkoppgaveregisteret er arbeidsforholdet knyttet til et foretak. Her er det utarbeidet en rutine for på best mulig måte å identifisere bedriften. I

de tilfeller hvor personen er ansatt i et flerbedriftsforetak, kan det være usikkert om arbeidsforholdet faktisk blir knyttet til riktig bedrift, og dermed får korrekte opplysninger om næring og arbeidssted.

For store foretak med mange bedrifter under seg, er fordelingen av ansatte i arbeidstakerregisteret til tider mangelfull. Det kan gi merkbare utslag på kommunenivå når slike feil oppstår og når de rettes.

www.ssb.no/regsys/om (14. juli 2011)

Feilkoding relatert til problema i dei to første avsnitta vil i stor grad være tilfeldig, og dermed utjamnast over tid og rom. Feilkoding relatert til problema i dei to siste avsnitta kan derimot være systematisk, og soleis føre til vridde resultat.

Ver derfor spesielt merksam på dei to siste avsnitta! Problema rundt registrering av sysselsette i fleirbedriftsforetak (konsern) eller foretak med ulik kontoradresse og verksemdadresse kan ikkje berre gi merkbare utslag på kommunenivå, men òg på region- og fylkesnivå, spesielt om foretaka er store.

Data i føresetnadene

Figur 1 viser historisk utvikling (2000-2010) i talet sysselsette i prosent av talet busette i alderen 15 (16) til 74 år for dei åtte regionane, og resultatet av føresetnad 1A (loglineær trendutvikling). For dei fleste regionane skil denne føresetnaden seg med i snitt litt over eitt prosentpoeng frå ei nivåfram-



Figur 1: Sysselsette i prosent av busette i arbeidsfør alder, 2000-2010, 2011-2035

Arbeidsfør alder = 16-74 år (2000-2004), 15-74 år (2005-2035)

Kjelder: Data for 2011-2035: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Analyse, utgreiing og dokumentasjon.
Data for 2000-2008: SSB via statistikk.ivist.no.


skrivning av gjennomsnittet av dei siste tre åra.²

Siste år med faktiske data i grafen er 2010. Dei fleste linjene gjer eit byks frå sysselsettingsdelen i 2010 til den venta sysselsettingsdelen frå 2011 og framover. På kort sikt vil derfor nivået i 2010 (eller ei lineær trendframskriving) vere eit betre utgangspunkt for framtidige sysselsettingsdelar enn den loglineære trendutviklinga. På lang sikt tenker vi likevel det er betre å ha ein regresjonsbasert trendutvikling.

Tal innbyggjarar mellom 15 og 74 år etter SSB sin middelprognose (alternativ MMMM) frå juni 2011 er vist i figur 2. Grafen for Bergen følgjer venstre akse, mens dei andre regionane følgjer høgre akse.

I figur 3 har vi multiplisert tala frå figur 1 med tala frå figur 2 (og delt på 100). Dermed får vi venta total tal sysselsette i regionane.


Samanlikna med figur 2, har nokre regionar bytta plass med kvarandre. Dette er fordi sysselsettingsnivået er ulikt. Kurvene vil derimot ha nær same *form*, sjølv om utgangspunktet er ulikt. Dette fordi sysselsettingsnivået ikkje endrar seg vesentleg.



Figur 2: SSB MMMM (2011), tal innbyggjarar 15-74 år.

Kjelde: SSB via statistikk.ivist.no.

² AUD har tidlegare produsert sysselsettingsprognosar til arbeidet med skulebruksplanen basert på dette gjennomsnittet.



Figur 3: Total tal sysselsette ($X = A*B/100$)

Kjelde: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Analyse, utgreiing og dokumentasjon.

Resultat


Prognosane er kjørt for kvar næring for kvar region, i alt 401 prognosekjøringar (alle næringane er ikkje representerte i alle regionane). Prognosane *kan* gi negative sysselsettingsdelar: I desse høva er sysselsettingsdelane sett til null. For å få tal sysselsette i kvar næring i kvar region, er dei framskrive sysselsettingsdelane multiplisert med resultatata bak figur 3, delt på 100, og deretter runda av til næraste heile tal. Summen av regionprognosane gir resultatet for Hordaland.

For å forstå korleis vi har gått fram for å få resultatata, vil vi nytte bygge- og anleggsbransjen i Sunnhordland som eksempel. Dei blå prikkane i figur 4 viser bygg og anlegg sin registrerte sysselsettingsdel (kor mange som arbeidde innan bygg og anlegg i prosent av alle sysselsette) frå 2000 til og med 2008. Den raude linja viser framskrivinga som ein loglineær funksjon av tid, dei grå linjene viser prediksjonsintervallet (usikkerheitsintervallet) rundt denne framskrivinga, og den grønne linja viser ei alternativ framskriving som ein lineær funksjon av tid.

Prediksjonsintervallet er framleis bunden av at det er korrekt av oss å føresette at den framtidige utviklinga vil følgje i eit loglineært mønster etter den historiske utviklinga. Prediksjonsintervallet er ugyldig om denne føresetnaden ikkje er korrekt. Er føresetnaden korrekt, kan vi vente oss at den framtidige sysselsettingsdelen i 95 % av åra vil falle innanfor dette intervallet.

Vår beste gjetting er da midt i dette intervallet, markert som den raude linja.

Vi ser allereie at dei observerte delane ligg i den øvre delen av prediksjonsintervallet. Modellen treff dermed ikkje så godt for 2007 og 2008 ($R^2=0,72$). Den alternative modellen treff langt betre ($R^2=0,90$), men den er basert på den urimelege føresetnaden om at veksten kan halde fram i det uendelege, og i 2035 vil den grønne linja ende på ein sysselsettingsdel på 14,3 % (den vil auke med 0,24 prosentpoeng per år). Figur 4 illustrerer dermed det sterkt konservative elementet i ei loglineær trendframskriving: I vår loglineære modell vil sysselsettingsdelen til bygge- og anleggsbransjen vere 8,6 % – mot eit 2008-nivå på 7,9 %.



Figur 4: Prognose for bygge- og anleggsnæringane sin del av sysselsettinga i Sunnhordland
Kjelde: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Analyse, utgreiing og dokumentasjon.

Det neste skrittet i prognosekjøringa er å rekne om sysselsettingsdeler til tal sysselsette. Vi tek da verdiane langs den raude linja, multipliserer med verdiane frå figur 3, og dividerer med 100. Når vi har gjort dette for alle næringane, får vi resultatata i tabell 2 til og med 9.

Tabell 2 viser resultatata for Sunnhordland. Den grå kolonnen viser dei faktiske registertala for 2008, mens prognosane er vist i dei lyseraude kolonnane. Endring frå 2008 til 2035 er vist i dei to kolonnane heilt til høgre. Størst endring (i tal sysselsette) er venta innan helse- og sosialtenester, deretter bygge- og anleggsverksemd, detaljhandel og reparasjon av varer, anna forretningsmessig tenesteyting, og undervisning. Dei venta reduksjonane er små. Størst reduksjon er venta innan post og telekommunikasjon.

Tala for sysselsette i uoppgeve næringar er ikkje ein eigen prognose, men differansen mellom summen av næringsprognosane og totaltalet bak figur 3 (tala i nedste rad).

I alt er Sunnhordland venta å vekse med 6 040 sysselsette fram mot 2035. Dei næringane som har sterkare vekst enn den samla veksten for Sunnhordland (22 prosent), vann sysselsettingsdelar frå dei næringane som har mindre enn 22 prosent vekst.

Tabell 3 viser resultatata for Hardanger. Her fekk vi overprediksjon, der summen av prognosane for 2011 var 100,04 %, og steig til 101,82 % i 2035. For å korrigere for dette, er sysselsettingstalet for kvar næring redusert tilsvarende overprediksjonen. På grunn av avrundingar blir ikkje talet sysselsette i uoppgeve næringar null. Om vi hadde hatt ein underprediksjon (slik vi hadde for Sunnhordland i tabell 2), ville vi behaldt talet sysselsette i uoppgeve næringar.

Hardanger er samla sett venta å få nedgang i talet sysselsette. Størst nedgang vil etter våre berekningar kome i jordbruket, deretter metallindustrien og bygg og anlegg. Størst vekst vil kome i anna forretningsmessig tenesteyting.

Tabell 2: Sunnhordland

	2008	2011	2015	2020	2025	2030	2035	Endring	%-endr.
01 Jordbruk, jakt og viltstell	984	925	957	986	996	1 009	1 022	38	4 %
02 Skogbruk	21	23	26	28	30	32	34	13	62 %
05 Fiske og fangst	916	970	1 029	1 086	1 120	1 153	1 184	268	29 %
11 Utvinning av råolje og naturgass	11	0	0	0	0	0	0	-11	-100 %
13 Bryting av metallhaldig malm	1	2	2	2	3	3	3	2	200 %
14 Bergverksdrift elles	13	19	20	22	22	23	23	10	77 %
15 Næringsmiddel- og drikkevareindustri	650	604	616	625	624	626	628	-22	-3 %
17 Tekstilindustri	67	64	60	56	51	47	44	-23	-34 %
18 Klesvareindustri	16	16	18	20	21	22	23	7	44 %
20 Trelast- og trevareindustri	155	152	163	175	182	189	195	40	26 %
24 Kjemisk industri	2	0	0	0	0	0	0	-2	-100 %
25 Gummivare- og plastindustri	9	20	20	20	20	20	20	11	122 %
26 Mineralproduktindustri	32	30	32	34	35	35	36	4	13 %
27 Metallindustri	467	516	542	567	581	595	608	141	30 %
28 Metallvareindustri	289	280	285	288	287	287	287	-2	-1 %
29 Maskinvareindustri	975	953	1 034	1 115	1 167	1 218	1 265	290	30 %
31 Elektronisk industri	130	106	123	141	154	166	177	47	36 %
32 Radio- og fjernsynsindustri	0	2	3	3	4	4	4	4	
33 Instrumentverkstadindustri	114	113	115	115	115	114	114	0	0 %
34 Motorkjøretøyindustri	9	10	12	14	16	18	19	10	111 %
35 Annan transportmiddelindustri	3 129	2 897	2 974	3 040	3 054	3 077	3 102	-27	-1 %
36 Møbelindustri og annan industri	22	25	25	25	24	24	24	2	9 %
22 Forlag og grafisk industri	159	169	178	188	193	198	204	45	28 %
37 Gjenvinning	17	21	25	29	32	34	37	20	118 %
40 Kraftforsyning	311	333	354	374	386	398	409	98	32 %
41 Vassforsyning	14	9	11	13	15	16	17	3	21 %
45 Bygge- og anleggsverksemd	2 208	2 167	2 365	2 561	2 693	2 817	2 932	724	33 %
90 Kloakk- og renovasjonsverksemd	101	108	117	127	134	140	145	44	44 %
50 Motorkjøretøytenester	478	491	523	554	573	591	609	131	27 %
51 Agentur- og engroshandel	331	344	361	376	384	392	400	69	21 %
52 Detaljhandel og reparasjon av varer	2 213	2 163	2 310	2 452	2 539	2 624	2 704	491	22 %
55 Hotell- og restaurantverksemd	681	644	663	679	683	689	696	15	2 %
60 Landtransport og røyrttransport	360	410	425	438	443	449	455	95	26 %
61 Sjøtransport	1 243	1 244	1 315	1 383	1 422	1 461	1 497	254	20 %
62 Lufttransport	14	13	15	17	19	21	22	8	57 %
63 Tenester knytt til transport	142	184	201	218	229	240	250	108	76 %
64 Post og telekommunikasjonar	137	129	121	112	103	96	89	-48	-35 %
65 Finansiell tenesteyting	224	220	225	229	230	231	232	8	4 %
66 Forsikring og pensjonsfond	10	14	14	14	13	13	13	3	30 %
67 Hjelpeverksemd til finansiell t.yting	4	5	6	6	7	7	8	4	100 %
70 Eigeidomsdrift	203	232	258	284	302	319	335	132	65 %
71 Utleigeverksemd, mask. og utstyr	53	33	30	27	24	22	20	-33	-62 %
72 Datahandsamingsverksemd	82	91	100	110	116	122	128	46	56 %
74 Anna forretningsm. tenesteyting	1 263	1 209	1 324	1 439	1 516	1 589	1 657	394	31 %
75 Off.adm. og forsv. sosialforsikr.	1 175	1 285	1 286	1 280	1 257	1 241	1 229	54	5 %
73 Forsking og utviklingsarbeid	45	52	54	57	59	60	62	17	38 %
80 Undervisning	2 339	2 333	2 432	2 523	2 566	2 613	2 658	319	14 %
85 Helse- og sosialtenester	5 466	5 693	6 157	6 612	6 908	7 189	7 454	1 988	36 %
91 Interesseorganisasjonar	158	168	179	190	196	203	209	51	32 %
92 Kulturell tenesteyting og sport	212	243	276	309	332	354	374	162	76 %
93 Anna personleg tenesteyting	271	280	305	330	346	362	377	106	39 %
95 Lønna husarbeid	3	5	6	7	7	8	8	5	167 %
Uoppgeve	141	124	116	100	90	76	68	-73	-51 %
Sum	28 070	28 143	29 808	31 400	32 323	33 237	34 110	6 040	22 %

Kjelder: Data for 2011-2035: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Analyse, utgreiing og dokumentasjon.

Data for 2000-2008: SSB via statistikk.ivist.no, sjå bit.ly/AUD-2-1-12-Sunnhordland for data for perioden.

For Hardanger er det ei næring som umiddelbart skil seg ut: kjemisk industri. Her går prognosen frå 34 sysselsette i 2008 til 0 i 2011. Dette skuldast særleg stor sysselsettingsreduksjon mellom 2001 og 2002, og igjen mellom 2003 og 2004. Det er liten grunn til å føresette at det historiske mønsteret her vil halde fram, så ein meir korrekt prognose vil vere å kjøre regresjonen frå 2004 til 2008 heller enn

Tabell 3: Hardanger

	2008	2011	2015	2020	2025	2030	2035	Endring	%-endr.
01 Jordbruk, jakt og viltstell	738	654	646	630	608	591	573	-165	-22 %
02 Skogbruk	27	20	22	22	23	23	23	-4	-15 %
05 Fiske og fangst	71	64	63	60	58	56	54	-17	-24 %
14 Bergverksdrift elles	21	28	30	32	33	32	33	12	57 %
15 Næringsmiddel- og drikkevareindustri	111	131	131	132	128	127	125	14	13 %
17 Tekstilindustri	1	0	0	0	0	0	0	-1	-100 %
18 Klesvareindustri	8	7	7	7	6	6	6	-2	-25 %
20 Trelast- og trevareindustri	95	102	101	100	97	94	92	-3	-3 %
24 Kjemisk industri	34	0	0	0	0	0	0	-34	-100 %
25 Gummivare- og plastindustri	37	31	32	32	32	31	31	-6	-16 %
26 Mineralproduktindustri	6	7	6	6	5	5	4	-2	-33 %
27 Metallindustri	771	738	731	716	693	675	658	-113	-15 %
28 Metallvareindustri	247	260	270	275	275	277	276	29	12 %
29 Maskinvareindustri	161	157	172	184	190	195	198	37	23 %
33 Instrumentverktøystadindustri	2	1	1	1	1	0	0	-2	-100 %
35 Annan transportmiddelindustri	187	210	204	197	188	180	174	-13	-7 %
36 Møbelindustri og annan industri	75	77	75	70	66	63	60	-15	-20 %
22 Forlag og grafisk industri	51	52	52	51	49	48	47	-4	-8 %
40 Kraftforsyning	167	157	157	157	153	151	148	-19	-11 %
41 Vassforsyning	15	14	16	17	17	18	18	3	20 %
45 Bygge- og anleggsverksemd	985	880	900	911	903	899	891	-94	-10 %
90 Kloakk- og renovasjonsverksemd	57	62	66	68	70	71	72	15	26 %
50 Motorkjøretøytenester	251	246	252	255	253	252	249	-2	-1 %
51 Agentur- og engroshandel	120	91	80	67	57	48	41	-79	-66 %
52 Detaljhandel og reparasjon av varer	861	864	887	902	897	895	889	28	3 %
55 Hotell- og restaurantverksemd	432	459	464	463	454	448	442	10	2 %
60 Landtransport og røyrttransport	250	286	292	295	292	290	288	38	15 %
61 Sjøtransport	166	175	181	184	184	184	183	17	10 %
62 Lufttransport	9	5	6	7	7	8	8	-1	-11 %
63 Tenester knytt til transport	105	98	105	111	114	115	117	12	11 %
64 Post og telekommunikasjonar	84	90	93	93	93	93	91	7	8 %
65 Finansiell tenesteyting	91	87	86	83	80	77	75	-16	-18 %
66 Forsikring og pensjonsfond	2	3	2	1	1	0	0	-2	-100 %
67 Hjelpeverksemd til finansiell t.yting	3	3	3	3	3	3	3	0	0 %
70 Eigedomsdrift	117	102	113	124	129	134	137	20	17 %
71 Utleigeverksemd, mask. og utstyr	3	8	7	7	6	6	6	3	100 %
72 Datahandsamingsverksemd	23	55	57	59	59	60	60	37	161 %
74 Anna forretningsm. tenesteyting	453	479	509	534	544	552	557	104	23 %
75 Off.adm. og forsvar, sosialforsikr.	530	598	596	587	571	558	546	16	3 %
73 Forsking og utviklingsarbeid	14	15	15	16	15	15	15	1	7 %
80 Undervisning	876	898	906	904	887	875	861	-15	-2 %
85 Helse- og sosialtenester	2 259	2 275	2 329	2 356	2 337	2 323	2 304	45	2 %
91 Interesseorganisasjonar	74	71	73	73	73	72	72	-2	-3 %
92 Kulturell tenesteyting og sport	140	128	133	136	136	137	136	-4	-3 %
93 Anna personleg tenesteyting	88	79	80	79	78	77	76	-12	-14 %
95 Lønna husarbeid	0	2	2	2	2	2	2	2	.
Uoppgjeve	59	-4	-2	3	0	1	2	-57	-97 %
Sum	10 877	10 765	10 951	11 012	10 867	10 767	10 643	-236	-2 %

Kjelder: Data for 2011-2035: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Analyse, utgreiing og dokumentasjon.

Data for 2000-2008: SSB via statistikk.igest.no, sjå bit.ly/AUD-2-1-12-Hardanger for data for perioden.

frå 2000. Gjer vi det, kan vi vente oss 31 sysselsette innan kjemisk industri i 2035 (ikkje vist i tabell 3). Da aukar vi overprediksjonen ytterlegare, og treng nok ei avstemming. Det mest trulege vil vere at desse 31 må kome frå andre industriarbeidsplassar. Den samla industrisysselsettinga vil dermed ikkje bli påverka av ein slik korreksjon.

Tabell 4 viser resultatata for Voss. Her fekk vi underprediksjon dei første åra (99,78 % i 2011), og overprediksjon dei siste (100,74 % i 2035). I tabellen har vi korrigert for overprediksjonen, men ikkje underprediksjonen (sidan den er mindre enn talet sysselsette i uoppgjeve næringar i 2008). Den

Tabell 4: Voss

	2008	2011	2015	2020	2025	2030	2035	Endring	%-endr.
01 Jordbruk, jakt og viltstell	418	409	401	393	378	369	358	-60	-14 %
02 Skogbruk	21	27	29	32	34	35	37	16	76 %
05 Fiske og fangst	3	4	4	4	4	4	4	1	33 %
14 Bergverksdrift elles	8	4	3	1	0	0	0	-8	-100 %
15 Næringsmiddel- og drikkevareindustri	121	95	90	85	79	75	69	-52	43 %
17 Tekstilindustri	0	1	0	0	0	0	0	0	0 %
18 Klesvareindustri	7	8	9	10	10	11	11	4	57 %
20 Trelast- og trevareindustri	33	28	28	29	29	29	29	-4	-12 %
25 Gummivare- og plastindustri	0	1	1	1	1	1	2	2	.
26 Mineralproduktindustri	69	77	84	92	96	100	103	34	49 %
28 Metallvareindustri	8	6	6	5	5	5	5	-3	-38 %
29 Maskinvareindustri	52	46	43	39	36	33	30	-22	-42 %
33 Instrumentverkstadindustri	2	2	2	2	1	1	1	-1	-50 %
36 Møbelindustri og annan industri	85	89	94	99	100	102	103	18	21 %
22 Forlag og grafisk industri	56	51	52	54	54	54	54	-2	-4 %
40 Kraftforsyning	50	50	48	47	45	44	42	-8	-16 %
41 Vassforsyning	10	3	4	5	5	5	6	-4	-40 %
45 Bygge- og anleggsverksemd	590	644	680	714	728	745	755	165	28 %
90 Kloakk- og renovasjonsverksemd	19	20	21	23	23	24	25	6	32 %
50 Motorkjøretøytenester	208	219	230	241	245	251	253	45	22 %
51 Agentur- og engros handel	174	180	197	213	222	232	238	64	37 %
52 Detaljhandel og reparasjon av varer	717	702	737	771	783	799	808	91	13 %
55 Hotell- og restaurantverksemd	402	427	438	448	447	449	449	47	12 %
60 Landtransport og røytransport	237	244	246	247	243	242	239	2	1 %
61 Sjøtransport	17	22	24	26	27	28	28	11	65 %
63 Tenester knytt til transport	41	34	30	26	23	20	17	-24	-59 %
64 Post og telekommunikasjonar	55	55	55	54	52	51	50	-5	-9 %
65 Finansiell tenesteyting	71	70	73	77	78	79	79	8	11 %
66 Forsikring og pensjonsfond	7	5	5	4	4	4	3	-4	-57 %
67 Hjelpeverksemd til finansiell t.yting	2	2	2	2	2	2	2	0	0 %
70 Eigedomsdrift	58	55	60	66	69	72	73	15	26 %
71 Utleigeverksemd, mask. og utstyr	13	9	8	7	5	4	4	-9	-69 %
72 Datahandsamingsverksemd	18	0	0	0	0	0	0	-18	-100 %
74 Anna forretningsm. tenesteyting	220	186	190	193	192	193	192	-28	-13 %
75 Off.adm. og forsv. sosialforsikr.	271	287	282	277	268	261	255	-16	-6 %
80 Undervisning	623	650	676	700	707	717	722	99	16 %
85 Helse- og sosialtenester	1 562	1 674	1 765	1 854	1 891	1 935	1 961	399	26 %
91 Interesseorganisasjonar	29	30	30	30	29	29	29	0	0 %
92 Kulturell tenesteyting og sport	88	88	94	100	102	104	106	18	20 %
93 Anna personleg tenesteyting	77	82	86	90	92	93	94	17	22 %
95 Lønna husarbeid	0	1	1	1	1	1	1	1	.
Uoppgeve	25	10	-2	-3	-5	-3	0	-25	-100 %
Sum	6 467	6 597	6 826	7 059	7 105	7 200	7 237	770	12 %

Kjelder: Data for 2011-2035: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Analyse, utgreiing og dokumentasjon.

Data for 2000-2008: SSB via statistikk.ivist.no, sjå bit.ly/AUD-2-1-12-Voss for data for perioden.

underprediksjonen som er att i tabellen frå 2015 til og med 2030 skuldast avrundingar. Voss er venta å få nesten 800 fleire sysselsette fram mot 2035. Over halvparten av desse vil kome innan helse- og sosialtenester, mens 20 % av dei ekstra sysselsette vil kome innan bygg og anlegg. Undervisning og detaljhandel vil òg få stor vekst. Størst reduksjon vil kome innan jordbruk.

Tabell 5 viser resultatata for Bjørnefjorden. Her har vi ein underprediksjon for alle år som er i storleik med talet sysselsette i uoppgevene næringar, så vi har ikkje gjort noko avstemming av resultatata. Bjørnefjorden er venta å ha ein enorm vekst i talet sysselsette dei neste åra. Frå 2008 til 2035 er det venta ein vekst på 39 prosent, med 3 200 fleire sysselsette. Dette er den nest sterkaste veksten i Hordaland – litt framfor Nordhordland og eit stykke bak Vest. Størst vekst i Bjørnefjorden ventar vi oss innan bygg og anlegg, med helse- og sosialtenester og detaljhandel tett etter. Undervisning og

Tabell 5: Bjørnefjorden

	2008	2011	2015	2020	2025	2030	2035	Endring	%-endr.
01 Jordbruk, jakt og viltstell	145	157	158	158	157	155	154	9	6 %
02 Skogbruk	13	9	9	9	9	9	9	-4	-31 %
05 Fiske og fangst	176	183	192	201	207	212	217	41	23 %
11 Utvinning av råolje og naturgass	1	0	0	0	0	0	0	-1	-100 %
14 Bergverksdrift elles	9	5	4	4	3	2	2	-7	-78 %
15 Næringsmiddel- og drikkevareindustri	162	150	153	155	157	157	157	-5	-3 %
17 Tekstilindustri	53	62	65	68	71	73	74	21	40 %
18 Klesvareindustri	8	1	0	0	0	0	0	-8	-100 %
20 Trelast- og trevareindustri	233	238	253	268	279	288	297	64	27 %
24 Kjemisk industri	1	1	1	1	1	1	1	0	0 %
25 Gummivare- og plastindustri	0	1	1	1	1	1	1	1	.
26 Mineralproduktindustri	21	22	25	28	30	32	34	13	62 %
27 Metallindustri	6	11	10	8	7	6	5	-1	-17 %
28 Metallvareindustri	128	120	138	158	174	189	203	75	59 %
29 Maskinvareindustri	815	805	896	992	1 071	1 139	1 203	388	48 %
31 Elektronisk industri	17	18	20	23	25	27	29	12	71 %
33 Instrumentverkstadindustri	18	19	21	23	25	26	28	10	56 %
34 Motorkjøretøyindustri	64	55	56	58	58	59	59	-5	-8 %
35 Annan transportmiddelindustri	86	150	166	182	196	208	219	133	155 %
36 Møbelindustri og annan industri	58	58	61	65	67	69	71	13	22 %
22 Forlag og grafisk industri	41	48	54	60	65	70	74	33	80 %
40 Kraftforsyning	34	37	37	37	37	36	36	2	6 %
41 Vassforsyning	2	1	1	1	1	2	2	0	0 %
45 Bygge- og anleggsverksemd	816	850	955	1 067	1 159	1 240	1 315	499	61 %
90 Kloakk- og renovasjonsverksemd	17	14	15	16	17	17	18	1	6 %
50 Motorkjøretøytenester	148	158	175	192	206	219	230	82	55 %
51 Agentur- og engroshandel	81	106	107	107	107	105	104	23	28 %
52 Detaljhandel og reparasjon av varer	821	841	942	1 049	1 137	1 214	1 285	464	57 %
55 Hotell- og restaurantverksemd	281	301	316	330	340	348	356	75	27 %
60 Landtransport og røytransport	188	191	206	222	234	245	255	67	36 %
61 Sjøtransport	205	205	224	244	261	275	288	83	40 %
63 Tenester knytt til transport	37	41	48	55	62	68	73	36	97 %
64 Post og telekommunikasjonar	54	51	53	56	57	59	60	6	11 %
65 Finansiell tenesteyting	35	36	38	39	40	41	41	6	17 %
66 Forsikring og pensjonsfond	4	3	2	1	1	0	0	-4	-100 %
67 Hjelpeverksemd til finansiell t.yting	3	2	2	2	1	1	1	-2	-67 %
70 Eigedomsdrift	92	96	115	135	152	168	182	90	98 %
71 Utleigeverksemd, mask. og utstyr	14	13	13	14	14	14	14	0	0 %
72 Datahandsamingsverksemd	12	20	22	25	27	29	31	19	158 %
74 Anna forretningsm. tenesteyting	216	168	186	205	221	234	247	31	14 %
75 Off.adm. og forsv. sosialforsikr.	298	277	271	262	252	243	233	-65	-22 %
80 Undervisning	835	894	977	1 063	1 132	1 191	1 246	411	49 %
85 Helse- og sosialtenester	1 676	1 617	1 745	1 879	1 984	2 073	2 157	481	29 %
91 Interesseorganisasjonar	51	44	47	50	52	53	55	4	8 %
92 Kulturell tenesteyting og sport	87	85	100	116	129	141	153	66	76 %
93 Anna personleg tenesteyting	97	100	112	123	133	141	149	52	54 %
Uoppgeve	52	50	51	54	54	49	47	-5	-9 %
Sum	8 211	8 314	9 043	9 806	10 413	10 929	11 415	3 204	39 %

Kjelder: Data for 2011-2035: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Analyse, utgreiing og dokumentasjon.

Data for 2000-2008: SSB via statistikk.igest.no, sjå bit.ly/AUD-2-1-12-Bjørnefjorden for data for perioden.

maskinvareindustri vil òg ha høg vekst. Nokre få næringar vil ha marginal nedgang i talet sysselsette, mens talet sysselsette innan offentleg administrasjon er venta å gå relativt kraftig ned.

Tabell 6 viser resultatata for Bergen. Om SSB får rett i sin middelpnognose og føresetnad 1A held, vil Bergen få 48 000 fleire sysselsette innan 2035. I prosent er dette så vidt framfor snittet for Hordaland.

Etter våre berekningar vil ein firedel av dei ekstra sysselsette kome innan helse- og sosialtenester. 10-11 prosent vil kome innan anna forretningsmessig tenesteyting, undervisning, og detaljhandel og

Tabell 6: Bergen

	2008	2011	2015	2020	2025	2030	2035	Endring	%-endr.
01 Jordbruk, jakt og viltstell	440	407	378	344	311	281	253	-187	-43 %
02 Skogbruk	15	15	17	19	20	21	22	7	47 %
05 Fiske og fangst	218	210	202	192	180	170	160	-58	-27 %
11 Utvinning av råolje og naturgass	3 224	3 033	3 226	3 419	3 546	3 657	3 753	529	16 %
14 Bergverksdrift elles	46	25	20	15	11	6	2	-44	-96 %
15 Næringsmiddel- og drikkevareindustri	3 004	3 060	3 151	3 232	3 265	3 290	3 309	305	10 %
16 Tobakksindustri	10	7	4	1	0	0	0	-10	-100 %
17 Tekstilindustri	152	179	191	204	212	219	226	74	49 %
18 Klesvareindustri	184	192	199	205	207	210	211	27	15 %
19 Lær- og lærvareindustri	6	4	4	4	4	4	4	-2	-33 %
20 Trelast- og trevareindustri	112	141	161	181	197	212	224	112	100 %
21 Treforedling	22	27	17	6	0	0	0	-22	-100 %
24 Kjemisk industri	111	118	105	90	76	64	52	-59	-53 %
25 Gummivare- og plastindustri	174	148	147	145	142	139	136	-38	-22 %
26 Mineralproduktindustri	479	432	456	479	494	507	518	39	8 %
27 Metallindustri	320	475	484	492	493	493	492	172	54 %
28 Metallvareindustri	595	539	539	536	526	517	508	-87	-15 %
